Konkurransegrunnlag for vintervedlikehald av vegar i Fjord kommune

<u>Brøyteroder: 208, 214, 215.</u>

Perioden 2026 - 2028

1. GENERELT OM ANSKAFFINGA 2
2. REGLAR FOR KONKURRANSEN 2
3. TILBOD 4
4. KVALIFIKASJON 4
5. TILBOD OG TILDELING 5
VEDLEGG 1: GODTGJERING 7
VEDLEGG 2: KONTRAKTSVILKÅR 8
VEDLEGG 3: DIVERSE KRAV 11
VEDLEGG 4: BRØYTEINSTRUKS 12
VEDLEGG 5: TILBODSKJEMA VINTERVEDLIKEHALD 14
VEDLEGG 6: REFERAT OM FAKTURERING 16
VEDLEGG 7: BRUKERVEILEDNING GPS-SYSTEM 17

1. GENERELT OM ANSKAFFINGA

Fjord kommune ønsker med dette å invitere til konkurranse om vintervedlikehald av vegar i Fjord kommune.

Vegane er inndelt i 15 Brøyteroder: 201, 202, 203, 204, 205, 206, 207, 208, 209, 210, 211, 212, 213, 214, 215.

Denne konkurransen gjeld kun rodene 208, 214 og 215.

Kart over rodene følgjer som vedlegg til konkurransegrunnlaget.

Fjord kommune, ønskjer tilbod på innleige av maskiner til brøyting, rydding og sandstrøing i samanheng med vintervedlikehaldet på det kommunale vegnettet, samt evt. brøyting til private som har avtale med kommunen.

Fjord kommune ønskjer tilbod på roder etter oppsett. Tilbyder må vurdere kva for utstyr som egnar seg på dei/den roda tilbodet gjeld. Fjord kommune vil vurdere om det utstyret som kvar enkelt tilbydar ynskjer å bruke er egna til arbeidet.

Roder kan bli justert dersom det er hensiktsmessig.

Kontraktsvarigheit er satt til 2 år, 15.10.2026 – 15.04.2028

2. REGLAR FOR KONKURRANSEN

2.1 Innleiing
Fjord kommune må følgje lov og forskrift om offentlege anskaffingar. Dette inneber at vi må gjennomføre konkurransen digitalt ved bruk av konkurransegjennomføringsverktøy (KGV). Det er mange krav til korleis prosedyrane skal gjennomførast, men i lys av anskaffingas verdi er det ikkje unntak som gjer at konkurransen kan gjennomførast på anna vis. Dersom nokon som ynskjer å delta i konkurransen har behov for veiledning om korleis tilbod skal leverast mm, så vil vi vera tilgjengelege for å bistå med dette. Vi oppmodar sterkt til å ta kontakt i god tid (fleire dager før) fristar, slik at vi om mogleg kan unngå feil. Vi ønskjer ikkje å måtte avvise leverandørar som følgje av feil og misforståingar.

2.2 Anskaffingsprosedyre
Anskaffinga vert gjennomført etter lov om offentlige anskaffelser av 17. juni 2016 (LOA), med endringar som tredde i kraft 1. juli 2026, og forskrift om offentlige anskaffelser (FOA) FOR 2016-08-12-974, med endringar som tredde i kraft 1. juli 2026, del I og del II. Kontraktstildeling vil verte føreteke etter prosedyra open tilbodskonkurranse.

Konkurransen skjer i ett trinn, altså må leverandører både vise at dei oppfyller kvalifikasjonskrava og innlevere komplett tilbod innan same frist. Oppdragsgivar planlegg ikkje å ha dialog med tilbydarane, men vil gjennomføre slik dialog viss ein ser fordelar med dette.

Oppdragsgiver har lagt opp til følgande tidsplan for prosessen:

Aktivitet	**Tidspunkt**
Kunngjering	Mandag 03.08.2026
Tilbodsfrist	Torsdag 20.08.2026 12.00
Evaluering, evt dialog, tildeling	Uke 35-37
Kontraktsinngåing	September/Oktober 2026
Tilbudets vedståingsfrist	4 måneder fra endelig tilbod.

Vi gjer merksam på at tidspunka etter tilbodsfrist er foreløpig og kan bli gjenstand for justering. Ei eventuell forlenging av tilbodets vedståingsfrist kan berre skje dersom leverandøren godkjenner dette.

2.3 Skatteattest

Valde leverandørar skal på førespurnad levere skatteattest for meirverdiavgift og skatteattest for skatt, i samsvar med gjeldande krav til leverandørens kvalifikasjonar etter forskrift om offentlege anskaffingar (FOA) på kunngjeringstidspunktet.

2.4 Avvik frå konkurransegrunnlaget og avvising

Avvik frå konkurransegrunnlaget kan medføre avvising, jf. FOA. Oppdragsgivar oppmodar leverandørane om å gjere seg kjende med avvisingsreglane i FOA.

2.5 Deltilbod

Det er adgang til å gi tilbod på ei eller fleire roder. Dersom ein tilbydar gir tilbod på fleire roder skal det leverast eit tilbodsskjema per rode.

2.6 Rettelse, suppleringar og/eller endringar av konkurransegrunnlaget

Oppdragsgivar har rett til å føreta rettingar, suppleringar og endringar av konkurransegrunnlaget som ikkje er vesentlege. Rettelser, suppleringar eller endringar i konkurransegrunnlaget vil straks sendast alle inviterte leverandørar via KGV.

2.7 Kommunikasjon og spørsmål til konkurransegrunnlaget

Kommunikasjon undervegs i anskaffingsprosessen skal føregå via KGV. Dersom leverandøren finn at konkurransegrunnlaget ikkje gir tilstrekkeleg rettleiing, kan han skriftleg be om tilleggsopplysningar hos oppdragsgivar ved å melde dette inn i KGV. Dersom det vert oppdaga feil i konkurransegrunnlaget, ber ein om at dette vert formidla i KGV. Spørsmål vil bli besvart i anonymisert form og gjort tilgjengeleg som tilleggsinformasjon for alle som har meldt si interesse i KGV. All skriftleg og munnleg kommunikasjon i samband med denne konkurransen skal føregå på norsk.

Skulle det vera spørsmål til tekniske forhold som vedkjem konkurransegjennomføringa eller innlevering av søknad eller tilbod så kan også ekstern rådgjevar Åshild Fløisand kontaktast på telefon 41916745.

3. TILBOD

Før fristen for tilbod, skal tilbydar levere dokumentasjonen etterspurt under. Dette omfattar dokumentasjon for leverandøren sine kvalifikasjoner, etter nærare krav under punkt 4, og dokumentasjon for kva som vert tilbudt, slik omtalt i punkt 5.

Dokumentasjon som skal leverast inn i tilbodet:

- **Kvalifikasjonskrav (punkt 4):**
  - Eventuelle forpliktelsesfråsegner, se punkt 4.4
  - Firmaattest, se punkt 4.2
  - Referanseoppdrag, se punkt 4.3

- **Tilbod (utfylt tilbudsskjema). Se vedlegg 5.**
  - **NB:** Det må nyttast eitt skjema per rode ved tilbod på fleire roder.

MERK: Det er kun *ein* frist og innlevering, som inkluderar både tilbod og dokumentasjon for kvalifikasjonar. Dette i motsetnad til den avlyste konkurransen.

4. KVALIFIKASJON

4.1 Oversikt

Tilbydar skal svare på Kvalifikasjonskrava i punkt 4.2-4.4 nedanfor.

Det er ikkje krav om å fylle ut ESPD.

Ver også obs på eigne krav og retningslinjer for tilfelle der fleire leverandørar deltek i fellesskap.

4.2 Leverandørens registrering, autorisasjon mv

Krav	Dokumentasjonskrav
Leverandøren skal vere registrert i eit føretaksregister, fagleg register eller eit handelsregister i den staten leverandøren er etablert	· Norske selskap: Firmaattest · Utenlandske selskap: Godtgjering på at selskapet er registrert i føretaksregister, fagleg register eller eit handelsregister i den staten leverandøren er etablert. NB: Norske føretak kan laste ned firmaattest fra www.brreg.no gratis

4.3 Leverandørens tekniske og faglege kvalifikasjonar

Krav	Dokumentasjonskrav
Leverandøren skal ha erfaring med brøyting i løpet av dei siste 5 åra.	Skildring av leverandørens mest relevante erfaring i løpet av dei siste 5 åra. Det bes opplyst oppdragets verdi, tidspunkt og mottakar (namn, telefon og e-post). Det er leverandørens ansvar å dokumentere relevans gjennom skildringa. Leverandøren kan dokumentere erfaringa ved å vise til personell han rår over og kan nytte til oppdraget, sjølv om erfaringa er opparbeidd mens personellet har utført teneste for ein annan leverandør.

4.4 Særleg om å støtte seg på andre

Leverandøren kan velje å støtte seg på andre verksemder sin kapasitet for å oppfylle krava til leverandørens økonomiske og finansielle kapasitet og til tekniske og faglege kvalifikasjonar. Med «andre verksemder» meinast for eksempel morselskap, samarbeidspartnar, underleverandør og liknande.

Dersom leverandøren støtter seg på kapasiteten til andre verksemder for å oppfylle kvalifikasjonskrava til økonomisk og finansiell kapasitet og/eller til tekniske og faglege kvalifikasjonar, skal leverandøren dokumentere at denne rår over dei nødvendige ressursane.

Dette kan dokumenterast ved for eksempel å leggje ved signert forpliktingsfråsegn frå desse verksemdene.

5. TILBOD OG TILDELING

5.1 Tilbod

Alle tilbod skal leverast elektronisk i Oppdragsgivar si KGV-løysing innan fristen.

- Utfylt tilbodsskjema (eit skjema per rode du gir tilbod på). Sjå vedlegg 5.

5.2 Tildeling

Tildelinga vil skje for kvar enkelt rode, på bakgrunn av kva tilbod som har det beste forholdet mellom pris og kvalitet, miljø og referansar basert på følgjande kriterium:

Kriterium	Vekt	Krav til dokumentasjon
Pris	50%	• Utfylt tilbodsskjema
Kvalitet: Vurdering av følgjande moment: • Tilboden maskinpark og utstyr for oppdraget, eignaheit, hk, køyretøys alder (mtp kvalitet, kapasitet og driftsikkerheit). • Tilbode personell	20%	• Utfylt tilbodsskjema
Klima og miljø Vurdering av følgjande moment: • Leverandørens oppstillingsplass og transporttid til oppdragsområdet • Tilbodne køyretøys alder (mtp miljøegenskaper), steg og motorteknologi/drivstofftype.	30%	• Utfylt tilbodsskjema

5.3 Evaluering

Evalueringa knytta til kriteriet **pris** vil bli gjennomført basert på kalkulert evalueringssum på kvar rode. Som grunnlag for evalueringssum legg ein til grunn eit representativt tal timar for traktor med tilleggsutstyr.

Evaluering av dei andre kriteria vil vere basert på innkjøpsfagleg skjønn. Det blir nytta ein poengskala med 10 som maksimum for kvart enkelt kriterium.

For kriteriet **Kvalitet** vil det bli vurdert kva tilbyder tilbyr av maskiner og utstyr for snørydding. Meir utstyr enn minimumskravet vil verte vektlagt positivt. Godt eigna utstyr med god kapasitet og driftssikkerheit tel positivt. Oppdragsgiver vil og vurdere kva tilbyder kan dokumentere av tilgjengeleg mannskap. Fleire ansette/avtalar med andre som backup t.d. ved sjukdom vil verte vektlagt positivt.

VEDLEGG 1: GODTGJERING

For arbeid med maskiner er det nytta følgjande godtgjering:

1. Beredskapsgodtgjering.
Beredskapsgodtgjering er fastsatt til kr. 13 115,- eks.mva. pr. brøyterode pr. mnd.

Beredskapstida gjeld frå 15.10 – 15.04 for kvar brøytesesong. Beredskapsgodtgjering blir utbetalt etter faktura for kvar månad.

Beredskapsgodtgjering skal dekkje telefon/mobiltelefon, beredskap i avtaleperioden, faste utgifter til bil/maskiner og alle administrative kostnader i samanheng med avtalen.

Beredskap for første sesong er fast ihht tilbydd pris. For dei neste sesongane vert prisen justert ut frå utrekna prisstigning ihht. Statistisk Sentralbyrå sin indeks for vintervedlikehald pr 01.07 og er gjeldande frå 01.10 for påfølgjande brøytesesong.

2. Timegodtgjering.
Timesgodtgjeringa starter å løpe ved oppstart av arbeid på roden. Mobiliseringstid som medgår til transport frem til roden, godtgjøres ikke. Nødvendig transport mellom brøytepunkt på roden, godtgjøres med timegodtgjering.

I tillegg til fastgodtgjeringa skal oppgjer skje etter medgått tid etter fastsett tilbodspris. Timepris for første sesong er fast ihht tilbydd timepris. For dei neste sesongane vert prisen justert ut frå utrekna prisstigning ihht Statistisk Sentralbyrå sin indeks for vintervedlikehald pr 01.07 og er gjeldande frå 15.10 for påfølgjande brøytesesong.

Timesprisen bli gjort opp for faktisk medgått produksjonstid. Denne blir avrekna pr minutt registrert effektiv tid for kvart avslutta oppdrag. Det vedlegges referat frå møte 06.02.2025 som utdyper rutiner for registrering.

Fjord kommune

VEDLEGG 2: KONTRAKTSVILKÅR

1.

Brøytaren forpliktar seg til å utføre snøbrøyting, sandstrøing, snørydding på ovannemnde vegstrekning (-ar) i samsvar med vilkåra i denne kontrakten og instruksen. På same strekning skal brøytar også utføre snørydding framføre avfallsdunkar for husholdningsavfall. Brøytestikker som vert nedkjørt eller på annan måte fjerna, er brøytaren sitt ansvar å sette opp igjen. Brøytaren skal gjere seg kjent med roden før sesongen startar.

2.

Oppdragsgiver har rett til å endre både lengde på og inndeling av roder i perioden. Med mindre endringene er vesentlige, utløser ikke slik endring rett til endring av godtgjørsle. Oppdragsgivar har innført bruk av GPS-Flåtestyring og leverandørene pliktar å bruke systemet.

3.

Ved kortare fråvær, skal brøytaren syte for kvalifisert vikar, men brøytaren har ikkje høve til å overdra pliktene etter denne kontrakten til andre som ei varig ordning utan etter nærare avtale med kommunen.

4.

Dersom brøytaren grunna sjukdom, skade på kjøretøy eller andre gyldige årsaker ikkje er istand til å utføre brøytinga ut over fråvær som går fram av pkt. 3, skal kommunen varslast så snart som mogeleg. Dersom det ikkje lukkast å skaffe vikar etter pkt. 3, skal kommunen freiste å skaffe ein annan brøytar. I slike høve har kommunen rett til å gjere fråtrekk i den faste godtgjersla (beredskapsgodtgjersla) som svarar til den tida ein annan har utført brøytinga.

5.

Dersom brøytaren grunna varige årsaker som t.d. sjukdom, flytting etc. ikkje lenger kan utføre brøytinga, opphører kontraktsvilkåra mellom kommunen og brøytaren. Avrekning vert å foreta i.h.t. pkt. 4 og 6 i kontrakten.

6.

Brøytaren skal ha ei godtgjersle for brøyting/vedlikehald som til ei kvar tid samsvarer med dei satsane som går fram i tilbodet.

7.

Beredskapsgodtgjersla skal utbetalast pr. månad i brøyteperioden.

8.

Faktura for brøyting/vedlikehaldsarbeid skal sendast til kommunen seinast innan den 15. i påfølgjande månad etter at brøytearbeidet er utført. Faktura skal ha EHF-format. Betalingsfrist er 30 dagar etter fakturadato

9.

Kommunen er utan ansvar for skade som brøytaren påfører seg sjølv, andre personar, anna eigedom/køyretøy eller sin eigen traktor/brøytereiskap under brøytearbeid for kommunen, likeeins for skade som skuldast usedvanlege hendingar eller naturhendingar. I slike høve kan brøytaren søkje om billigheitserstatning dersom tapet er betydeleg og ikkje vert dekt av brøytaren sitt forsikringsselskap.

10.

Denne kontrakten kan seiast opp gjensidig med 3 månaders varsel dersom oppseiinga kan skuldas forhold som partane ikkje hadde kjennskap til ved kontraktinngåing.
Kontraktøren kan ikkje seie opp avtalen i tidsrommet 1. juli – 1. februar. Dersom brøytaren mislegheld kontrakten eller på annan måte forsømer arbeidet sitt, kan kommunen seie opp kontrakten med 14 dagers varsel.

11.

Tvister skal løysast gjennom ordinære domstolar. Fjord kommunes stedlige verneting er avtalt verneting. Avtalen vert regulert av norsk rett.

12.

Det gjeld også kontraktskrav knytt til krav om løns- og arbeidsvilkår, dokumentasjon og sanksjonar i samsvar med lov om offentlige anskaffelser (anskaffelseslova) § 5e, med tilhøyrande forskrifter. Dokumentasjon som nemnt i Lov om verksemder si openheit og arbeid med grunnleggande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold (openheitslova) vil også kunne etterspørjast frå leverandørar som møter minimumskrava for dette. Oppdragsgivar stiller krav til at leverandøren sine løns- og arbeidsvilkår er i samsvar med allmenngyldige tariffavtalar eller landsomfattande tariffavtalar for det aktuelle området kontrakten omfattar. Med løns- og arbeidsvilkår meinast i denne samanheng føresegn om minste arbeidstid, løn, inkludert overtidstillegg, skift- og turnustillegg og ulempetillegg, og dekning av utgifter til reise, kost og losji, i den grad slike føresegn følgjer av tariffavtalen, jf. anskaffelseslova § 5e. Same krav til løns- og arbeidsvilkår gjeld også underleverandørar. Ved innlevering av tilbodet bekreftar leverandøren at underleverandøren oppfyller kravet. Leverandøren og eventuelle underleverandørar skal på førespurnad i kontraktsperioden dokumentere løns- og arbeidsvilkåra til tilsette som medverkar til å oppfylle kontrakten. Oppdragsgivar forbeheld seg retten til å gjennomføre nødvendige sanksjonar, dersom leverandøren eller eventuelle underleverandørar ikkje etterlever kontraktsklausulen om løns- og arbeidsvilkår.

13.

Leverandøren forpliktar seg til å overhalde forpliktande tiltak for klima og miljø som er levert i tilbodet samt å nytte maskiner/køyretøy i tråd med det som er tilbode. Dette inneber mellom anna at

ein ikkje med negativ verknad kan endre oppstillingsplass for køyretøy, eller nyttar andre køyretøy enn dei som er tilbodne. Ved brot på forpliktingane pliktar leverandøren å rette forholdet utan ugrunna opphald. Dersom forpliktingane i tilbydarens tilbod ikkje blir overhaldne, skal det betalast ei bot kor storleiken blir fastsett ut frå avvikets alvor. Bota skal som minimum fastsetjast til den innsparinga som avviket har medført for leverandøren. Bota er oppad avgrensa til 20 % av samla estimert kontraktsverdi.

14.

Tilbyder er sjølv ansvarleg for at dei nødvendige forsikringar på køyretøy (bil/maskin) er teikna. Det kan ikkje påreknast at tap ved såkalla "hendeleg uhell" vil bli dekt ved billigheitserstatning. Skader som påførast tredjemann under arbeid i avtaleperioden, vil vere tilbyder sitt ansvar.

VEDLEGG 3: DIVERSE KRAV

1. KRAV TIL UTSTYR/MASKINER/KØYRETØY MM

Tilbydd køyretøy/traktor for brøyting skal ha 4-hjulstrekk og vere utstyrt med kjettingar etter behov. Leverandør pliktar å ha minst en traktor utstyrt med frontlastar tilgjengeleg.

Som tilleggsutstyr skal leverandør minimum ha tilgjengeleg:
Bak montert skjer med slitestål av typen is skjer/perforert stål som gir riller i overflata etter brøyting.
Snøfres
Strøapparat

Tilbyder gir tilbod på tenester med bruk av eige utstyr. Ved bruk av eige utstyr er tilbyder ansvarleg for vedlikehald og reparasjon.

Tilbydar skal sjølve halde slitestål til skraper og fresar.

2. KRAV TIL LEVERANDØREN/TILGJENGELEGHEIT

Tilbyder pliktar å vere tilgjengeleg på telefon til ei kvar tid i beredskapsperioden.

Tilbyder skal forhalde seg slik at han kan starte brøyting/strøing seinast 1 t etter at beskjed er motteke frå kommunen/teknisk vakt.

Tilbyder eller førar pliktar å halde mobiltelefon i køyretøyet.

3. STRØING

Sandstrøing skal utførast kun etter samråd med kommunen

4. KRAV TIL PERSONELL

Leverandør pliktar å nytte kvalifisert personell. Alle som utfører arbeid under avtala skal til ei kvar tid inneha alle relevante sertifikat, kurs og godkjenningar. Leverandøren skal dokumentere dette på forespørsel frå oppdragsgivar.

STENGTE VEGAR VED RAS ELLER ANNA:

Når vegane er stengt eller brøytar vurderer at vegen bør stengast skal det straks takast opp med "Teknisk Vakt"

VEDLEGG 4: BRØYTEINSTRUKS

1.

Leverandørene har ansvar for at brøyting foretas ved behov. Snømengden skal under ingen omstendighet overstige 15 cm før tiltak iverksettes. Det må ved vurderingen av brøytebehov også ses hen til lokale forhold, snøtype mm. Dersom oppdragsgivar gir melding om at det enten skal brøytes, eller at brøyting skal foretas, eller gir mer generelle retningslinjer for når brøyting og/eller strøing foretas, skal leverandøren rette seg etter oppdragsgivers meldinger og retningslinjer.

2.

Så langt det er mogleg, skal vegen haldast open heile døgnet. Dersom ras, uvær e. l. fører til at vegen er stengt eller at det er umogleg å utføre vanleg brøyting, skal kommunen varslast så snart som mogleg.

3.

Den rutegåande trafikken skal visast særleg aktsemd.

4.

Køyrebana skal ryddast i full breidde så langt dette er mogleg. Ved særs store snømengder, skal brøytaren prioritere gjennombrøyting av vegen før breiddeutviding av veg, svingar og møteplassar vert foretatt.

5.

Brøytaren skal vise omsyn til annan trafikk og vegen sine naboar, slik at ein i størst mogleg grad unngår at eigedomar, andre kjøretøy o. l. langs vegen vert skadde, og at møtande kjøretøy får tildekt frontruter. Ein viser elles til kontraktsvilkåra pkt 9.

6.

Brøytaren skal elles passe på at vegvisarar, varselskilt, vegrekkverk m.v. ikkje vert skadd, og elles vise varsemd ved passering av kumlokk, ferister o. l. Brøytaren er ansvarleg for å sette opp at brøytestikker som vert fjerna / øydelagt.

7.

Blinkande gult varsellys skal alltid brukast ved brøyting, sandstrøing og rydding på offentlege vegar, parkeringsplassar o. l. Brøytaren pliktar sjølv å montere gult blinkande lys på kjøretøyet som vert nytta til brøyting.

8.

Brøytaren pliktar å passe på at han følgjer trafikkreglane som gjeld for ferdsel med motorkjøretøy og brøyting på offentleg veg.

9.

Når særskilde tilhøve gjer det naudsynt, t.d. ved store nedbørsmengder, snøsmelting e. l. skal brøytaren utføre tilsyn og naudsynt arbeid på stikkrenner, grøfter, kummar o. l. Eventuelt arbeid som går ut over den ordinære brøytinga / vegtilsynet skal avtalast med kommunen på førehand. Kommunen skal tilpasse slikt tilleggsarbeid med kommunens sin eigen reiskap og tilgjengelege resursar.

10.

Denne instruksen kan endrast i avtaleperioden på kort varsel etter vedtak i kommunen.

11.

Særskilde tilhøve:

……
……
……
……
……
……
……
……

Viktige telefonar:

FJORD KOMMUNE:	**Mobil**
VAKTTELEFON:	41 86 79 00
Fjord kommune-Sentralbord	41 86 78 00
Yngve Hovden (Fagansvarleg)	94 82 16 53
Trond Alstadsæter (leiar bygg og kommunalteknikk)	99 71 12 52

Fjord kommune

VEDLEGG 5: TILBODSKJEMA VINTERVEDLIKEHALD

NB: DET MÅ NYTTAST EITT SKJEMA PER RODE VED TILBOD PÅ FLEIRE RODER

Underteikna gir hermed tilbod på vintervedlikehald av vegar I tidsrommet 15.10.26 – 15.04.28

Namn:_____

Dette skjemaet gjeld for rode: (sett inn nr. og namn):

_____

Type køyretøy (type, merke, modell)	Års-modell	HK	Steg (utslippstrinn for traktor)	Drivstofftype	Oppstillingsplass (og avstand i km til rode)	Timepris eks mva

Utstyr:
Bakmontert skjer/type:_____ Timepris:_____
Snøfres/type:_____ Timepris:_____
Strøapparat/type:_____ Timepris:_____
Kommunalblad/type:_____ Timepris:_____
Plog/type:_____ Timepris:_____

Fjord kommune

Evt. andre opplysningar/anna utstyr som tilbys:

Oversikt tilbudt personell for aktuell rode:

Navn	Rolle og ansvar	Kompetanse og erfaring	Andre merknader

VEDLEGG 6: REFERAT OM FAKTURERING

Se eget vedlegg

VEDLEGG 7: BRUKERVEILEDNING GPS-SYSTEM

Se eget vedlegg.

Vedlegget viser dagens veiledning. Leverandørene plikter imidlertid å følge det til enhver tid gjeldende system, og plikter også å holde seg oppdatert om systemene som kommunen beslutter at skal anvendes. Ved endringer/oppdateringer i systemet, skal leverandørene forholde seg til siste versjon.